

Politiske grupper i Jølster kommune

Dykkar ref: **Dykkar dato:** **Vår ref:** **Arkiv:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
Kjell Johnny Kvamme 2.9.2014

Rådmannen si innstilling høyringsuttale for Jølstra Kraftverk

Bakgrunn

Rådmannen har sendt si innstilling til Utval for plan og utvikling og kommunestyret i Jølster kommune. Administrasjonen har gjort eit grundig arbeid med konsesjonssøknaden og har skrive ei god innstilling. Likevel ønskjer vi å presisere nokon tema.

Innstillinga

I opplistinga til rådmannen over tiltak som Jølster kommune føresett inn i ein konsesjon har Sunnfjord Energi AS alt føreslått punkt 1, 3, 4 og 7, dette er ein del av vår konsesjonssøknad. Tema i dei tre andre punkta er det naturleg for konsesjonsmyndigheitene å ta med i sin samla vurdering. Vi viser til vårt brev til Jølster kommune sitt forhandlingsutval for utbyggingsavtale for utdjupe informasjon om tema.

Om saksutgreiinga

Side 5, andre avsnitt, siste setning i Skildring av tiltaket

Vi og Nordkraft AS har nytta ulike tilsigsseriar som gir ulik produksjon. Den eine er ikkje meir rett enn den andre, men det er viktig at prosjekta blir samanlikna på riktig grunnlag. Som rådmannen skriver vil vårt prosjekt med den meir optimistiske tilsigsserien (den NK har nytta) vere 233 GWh. Ein må da vurdere Nordkraft AS sine 131 GWh mot 233GWh i Sunnfjord Energi AS sitt prosjekt.

Side 6, første avsnitt om Vassvegar og tilkomst

Tilkomsten som er beskrevet her er til luke, rist og grunderenskar ved inntaket. Hovudtilkomsten vil vere frå Moskog ved Statnett sitt nye anlegg.

Side 8, Eigedomstilhøve (Nordkraft AS)

Sunnfjord Energi AS har gjennom avtale hand om 6,54% av fallrettane i Nordkraft sitt prosjekt. Denne har vore omtvistet, men er no endeleg avgjort av domstolen.

Side 13, siste avsnitt om konsekvensar for friluftsliv, reiseliv, jakt og fiske

Sunnfjord Energi AS har i sine tekniske planar utforma terskel slik at ein kan komme over den med raftingflåte/kajak, sjå vedlegg 5 og 6 til søknaden.

Side 13, Kommentar, andre avsnitt om rafting

Sunnfjord Energi AS har sia vi fekk kunnskap om det og sendte konsesjonssøknad vore tydelege på at det kravet rafting-miljøet krev, på ca. 25 m³/s, ikkje lar seg kombinere med eit økonomisk gjennomførbart prosjekt.

Side 14, tredje avsnitt, kommentar til konsekvensar for naturressursar

Sunnfjord Energi AS og konsekvensutgreiarane har i planlegginga av kraftverket og arbeid med KU lagt til grunn av kommunens vedtatte reguleringsplan blir realisert og at massar blir nytta til opparbeiding av Moskog industriområde. Sekundært vil vi nytte massane til opparbeiding av landbruksareal om industriområdet ikkje blir ein realitet. Vi er derfor uforståande til administrasjonen sin konklusjon om at det er klart negativt at landbruksareal blir råka. Dette strider med reguleringsplanen og konklusjonane til konsekvensutgreiingane.



Side 22, Økonomi Jølster kommune

Det er sett opp ei oppstilling om økonomien for Jølster kommune for dei to prosjekta. Som eg var inne på i første punktet om saksutgreiinga har vi nytta to ulike tilsigsseriar i prosjekta. Skal ein samanlikne økonomien må ein samanlikne på likt grunnlag (same tilsigserie). Om vi nyttar same serie som Nordkraft får vi som nemnt 233GWh. Produksjon er grunnlag for skattar og avgifter. I tillegg til den auka produksjonen har myndighetene justert opp taket for utrekning av grunnlag til grunnrenteskatt etter at vi produserte våre tal.


Tabell 1 Utrekning med likt grunnlag, like satsar og med Rådmann sine kommentarar, men ikkje kompensert for inntektsutjamning.

	Nordkraft 131GWh	Sunnfjord 233GWh
Eigedomskatt	2 512 580	4 468 940
Naturressursskatt	1 441 000	2 563 000
Konsesjonsavgift	163 000	328 080
Konsesjonskraft (18 øre/kWh)	514 037	954 966
	4 630 617	8 314 986

Tabellen over viser utbetalingar til Jølster kommune utrekna med same tilsigsserie, same grunnlag for eigedomskatt og med konsesjonskraftpris justert etter rådmannen sine kommentarar. Da vi ikkje har kompetanse om kommunen sitt inntektsutjamningssystem er dette ikkje medrekna i oppstillinga. Det ligger ei tydeleg oppside for Jølster kommune i Sunnfjord Energi sitt prosjekt.

Avslutningsvis vil vi poengtere at vårt prosjekt er det samfunnsøkonomisk beste da ein med berre ein ekstra kilometer tunell får betydeleg meir ny energi til liten miljøkonsekvens. Dette er også rådmannen sin konklusjon og innstilling.

Med helsing
SUNNFJORD ENERGI AS



Kjell Johnny Kvamme
Prosjektleder Jølstra Kraftverk